

## Årsplan 2011

### Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) er å produsera manuskript til Norsk Ordbok. Den viktigaste føresetnaden for at det skal la seg gjera, er at alle ledd i redaksjonen held dei mange delmåla som er sette opp for framdrifta. I 2011 er hovudmålet for NO 2014-organisasjonen å produsera manuskript til band 10 av ordboka. Innan utgangen av 2011 skal me dessutan ha dimensjonert band 11, slik at dette er klart til redigering frå og med nyåret 2012. Hovudmålet for NO 2014 i perioden er sett opp først i plandokumentet. Dei delmåla som følgjer, skal alle – direkte eller indirekte – støtta opp om hovudmålet for verksemda. Alle prioriteringar i perioden skjer med utgangspunkt i at organisasjonen skal nå hovudmålet for prosjektorganisasjonen.

Eit svært viktig delmål i perioden vil vera å betra vilkåra for effektiv redigering. Dette skal i 2011 primært skje gjennom nyskriving og vidareutvikling av redigeringsapplikasjonen (jf. punkt C) og gjennom å gjera meir tilfang digitalt tilgjengeleg for redaksjonen (jf. punkt D). Det føreset dessutan god og relevant opplæring og kompetanseutvikling (jf. punkt E), og ikkje minst tilrettelegging av arbeidsmiljø og fysiske rammer for arbeidet (jf. punkt A2 og E). Hovudtyngda av tiltaka under C og D i planen blir utført gjennom dei produkta og tenestene Eining for digital dokumentasjon (EDD) leverer oss (punkt C), ved bruk av konsulenttenester på korpusida (punkt D) og gjennom bruk av redaksjonell støttefunksjon (punkt C og D). Ein del av desse tiltaka føreset dessutan ekstern finansiering.

Dei to årsverka EDD leverer til NO 2014 vil dette året primært bli sett av til nyskriving av redigeringsapplikasjonen.

For at Norsk Ordbok skal bli utgitt etter planen, er det ein føresetnad at prosjektet greier å halda på laget av spisskompetente medarbeidarar ut prosjektperioden. Det er heilt vesentleg at organisasjonen set i verk tiltak for å sikra at bemanninga er i tråd med den vedtekne opptrappingsplanen (jf. pkt. A3f), og tiltak som kan føra fram til nye leksikografiske prosjekt etter 2014 (jf. pkt. B5).

Eit viktig delmål i arbeidet med Norsk Ordbok er å gjera prosjektet og produkta våre synlege for ålmenta (sjå punkt E). Hovudtiltaka i år vil vera arbeidet med å ferdigstilla ein ny nettstad for prosjektet, deltaking på Forskingstorget og formidling av prosjektet til lærarar og elevar frå vidaregåande skole på fagleg-pedagogisk dag og Open dag ved UiO, og i ulike forum der me blir inviterte inn. Me kjem som tidlegare år til å vera representerte på fagkonferansar som er interessante frå eit formidlings- og kompetansebyggingssynspunkt.

Ambisjonsnivået i årsplanen for 2011 er prega av den økonomiske situasjonen NO 2014 er i både på løns- og driftssida. Utan eit løvvingsnivå som kan finansiera organisasjonen i ein slik storleik som opptrappingsplanen la til grunn, vil NO 2014 over tid ikkje kunna produsera i

tråd med den langsigktige planen for utgjevinga av ordboksverket. Drifta av organisasjonen i 2011 slik denne kjem til uttrykk i årsplanen, er òg prega av låge løyvingar, og dette gjer at me må prioritera ned fleire langsigktige tiltak for tilrettelegging av relevant materiale.

# **Hovudmål for 2011**

Me skal nyskriva 690 sider manuskript til band 10 av Norsk Ordbok.	
Me skal føra 400 sider av band 10 gjennom alle ledd av den redaksjonelle kvalitetkontrollen.	

## **Delmål**

### **A. Rammevilkår**

#### **1. Finansiering og organisering**

##### **1.1 Finansiering**

<b>Mål 2011</b>	
a) Me vil søkja KUD om midlar over statsbudsjettet 2012 innan fristen 1. mars.	
b) Me vil arbeida for at det blir lagt inn ein auke i driftsmidlane frå UiO i universitetets langtidsbudsjett, for å sikra prosjektet si framdrift.	
c) Me vil søkja finansiering til mindre arbeidsoppgåver knytte til tilrettelegging av materiale gjennom aktuelle utlysingar i perioden (jf. pkt. 8c,9a, 13a).	

##### **1.2 Organisering**

<b>Mål 2011</b>	
a) Me vil styrkja arbeidet for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av ILN, samstundes som prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	
b) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovedredaktør (men jf. pkt A1c).	
c) Me vil laga ei forsøksordning der nyare redaktørar får tilbod om supplerande å kollegalesa nokre av dei mest røynde redaktørane. Målet med dette tiltaket er kvalifisering av yngre redaktørar.	
d) Me vil arbeida for å vidareføra god og regelmessig kontakt med ILN.	

#### **2. Lokalisering og arbeidstilhøve**

<b>Mål 2011</b>	
-----------------	--

a) Me held regelmessig kontakt med HF og ILN om tidspunktet for ei evt. framtidig utflytting frå GA 25.	
b) Me skal arbeida for gode arbeidsforhold for redaksjonsgruppa ved NTNU i den perioden NTNU Dragvoll er under renovering, og ved innflytting i nyrenoverte lokale.	
c) Me skal syta for god tilrettelegging i det nye pauserommet som blir bygd for oss i GA 25.	
d) Me skal arbeida med å sikra meir tilfredsstillande tilhøve for nettbruk og straumopplegg i GA 25.	
e) Me skal sikra det fysiske arbeidsmiljøet gjennom å arbeida for betre reinhallsruinar.	

### 3. Personale

Mål 2011	
a) Me vil gjera ei tilsetjing i stillinga som blir ledig når ein redaktør går av med pensjon 1. oktober 2011.	
b) Me vil halda nær kontakt med ILN om å ta inn MA-studentar som har arbeidslivsrelevant MA med 30 studiepoeng ute i verksemd. Desse vil få opplæring i å utføra redaksjonell støttefunksjon.	
c) Me vil gje relevant opplæring til eventuelle nye redaksjonsassistentar.	
d) Om budsjettetsituasjonen tillèt det, vil me engasjera hjelpe for å utføra ymse redaksjonell støttefunksjon (tagging, normering etc.).	
e) Me vil forsøka å få minimum 25,5 produktive redaktørårsværk ut av løyvinga vår.	
f) Me skal arbeida målretta for å få på plass eit redaktørårsverk nr. 28, med føremål å sikra stabiliteten og framdrifta i det redaksjonelle arbeidet.	

## B. Manusarbeid

### 4. Band 10

Mål 2011	
a) Band 10 skal etter planen ferdigstillast til 1. mars 2012. For at det skal vera mogleg å gjennomføra, må redaksjonen i løpet av 2011 førstegongsredigera 690 sider manus.	

b) Til band 10 skal det utarbeidast innleiingstekst og bibliografitillegg innan 31. desember.	
c) Me skal utarbeida korrekturinstruks for band 10 før 31. desember.	
d) Me skal i løpet av året utarbeida ein manual for utskrift og ferdigstilling av band.	
e) Kvalitetskontrollen av artikkelmaterialet skal skje fortløpende.	
f) Me skal omfordela bolkar omgåande dersom det er redaktørar som ikkje kan redigera ferdig eigne arbeid.	
g) Me skal dimensjonera band 11 før 1. desember.	

## 5. Arbeid med prosjektverksemd post 2014

Mål 2011	
a) Me skal arbeida med å etablera eit post 2014-prosjekt for revisjon og full elektronisk integrering av band 1–5 av Norsk Ordbok.	
b) Me vil arbeida med å leggja til rette for nye dialektologi- og leksikografiprosjekt i Trondheim for dei tilsette i redaksjonsgruppa ved NTNU etter 2014.	
c) Me vil bidra til å styrkja ILNs arbeid med nye leksikografiske prosjekt etter fullføringa av Norsk Ordbok 2014.	

## C. Utvikling av verktøy

### 6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2011	
a) Delkomponentane av redigeringsapplikasjonen som framleis er i Delphi, skal nyskrivast i Java. Dette arbeidet hastar det med, og det er spesifisert i årsplanen for samarbeidet EDD-NO 2014 i 2011.	
b) NO 2014 skal komma med regelmessig respons til utviklingsarbeidet og levera spesifikasjonar til den nyskrivne redigeringsapplikasjonen.	

### 7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2011	
a) Me skal få på plass ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka fram til utgangen av 2014.	

b) Me vil leggja ut ei søkbar elektronisk utgåve av dei delane av ordboka som er fullintegrerte i den elektroniske ordboksdatabasen på dei nye nettsidene til NO 2014.	
--	--

## 8. Setelarkivet (SA)

Mål 2011	
a) Me skal leggja inn resten av funksjonalitetsforbetringane som er planlagde i den nye setelapplikasjonen (lyd og bilet).	
b) Me skal merkja opp uidentifiserte setlar til band 11.	
c) Me skal starta arbeidet med å skanna mikrofilm av SA-setlar og byta ut dei gamle faksimilane. Arbeidet føreset ekstern finansiering.	

## 9. Målføresynopsisen

Mål 2011	
a) Me vil vidareføra arbeidet med den digitale synopsisen, slik at det blir mogleg å gjera søk på ord og lokalitet. I perioden skal det utarbeidast ein pilot. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	

## 10. Redigeringshandboka

Mål 2011	
a) Me vil revidera redigeringshandboka på dei punkta der evaluering av arbeidet med band 9 viser at det må gjerast endringar og presiseringar (underoppslag, uttaleopplysningar etc.).	
b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å tematisera redaksjonelle problemstillingar.	
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av redaksjonelle vedtak gjennom heile året	

## D. Utviding og forbeting av tilfang

### 11. Nynorsk tekstkorus

Mål 2011	
a) Me vil få på plass avtaler med aviser og einskildrettshavarar om levering av elektronisk tekst til korpus.	

b) Me vil engasjera sommarhjelp for å tagga meir tekst for innlegging i korpuset. Dette føreset at me i løpet av våren får tilgjengelege lønsmidlar.	
c) Me vil forlenga kontrakten med Digforsk slik at den omfattar digitalisering av band 6 av <i>Norsk Allkunnebok</i> .	
d) Me vil digitalisera noko etterreformatorisk tekst ( <i>Den fyrste morgenblånen</i> ) med parallelkkorpus. Arbeidet blir gjort som redaksjonell støttefunksjon.	
e) Me vil prioritera nordnorske skjønnlitterære tekster for innlegging i tekstkorpuset.	
f) Me vil arbeida med vidare raffinering av korpuset etter det store nynorske avismaterialet me fekk på plass i korpuset i 2010.	
g) Me skal arbeida med korpusfunksjonalitet på Norsk Ordboks nye nettsider.	
h) Me vil utarbeida ein n-gramfunksjon til bruk på korputtekst. Dette vil gje viktig tilleggsfunksjonalitet i det redaksjonelle arbeidet med handsaming av fraseologi (jf. pkt. 10 a).	
i) Me vil halda fram arbeidet med å tagga opp og leggja inn 1895-årgangen av Den 17. Mai i korpuset. Arbeidet blir gjort som redaksjonell støttefunksjon.	

## 12. Metaordboka

Mål 2011	
a) Me vil normera i Metaordboka (MO) i dei alfabetbolkane der det går føre seg redigering (dette gjeld i sin heilskap bokstaven <i>s</i> ).	
b) Normering i MO i bolken som høyrer til band 11 skal vera ferdig til 1. desember 2011. Om me får midlar til det, skal dette skje ved bruk av assistenter.	
c) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	
d) Me vil arbeida vidare med å tagga opp eldre ordsamlingar og leggja dei inn i Ordbokshotellet.	
e) Me vil gjera tilgjengeleg band 7-10 av Norsk Allkunnebok som artiklar i Ordbokshotellet.	
f) Me vil skriva inn og leggja inn i Ordbokshotellet eit utval handskrifter frå	

Telemark frå Det kongelege bibliotek i København (Add. 106-8 og Add. 108-8).	
g) Me skal kopla alle ukopla normalartiklar i NO-basen til MO. Om me får midlar til det, skal dette skje ved bruk av assistentar.	

### 13. Digitale målførekart

Mål 2011	
a) Me vil fullføra dataregistreringa av Norsk dialektatlas-kart med notat. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	
b) Me vil gjera ferdig arbeidet med ei nettpubliseringsløysing for dei digitale målførekartene. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	
c) Me vil gå i dialog med Statens kartverk for å få til ein digital versjon av kommunekartet frå 1947.	

### 14. Nytt tilfang

Mål 2011	
a) Me tek sikte på å registrera 10 000 nye oppslag i SA i 2011.	
b) Me vil kartleggja og samla inn evt. lokale ordsamlingar som kjem i perioden.	

## E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

### 15. Formidling og informasjon

Mål 2011	
a) Me vil lansera Norsk Ordbok band 9 i eit eige arrangement 17. februar 2011.	
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få god dekning i media.	
c) Me vil delta på Fagleg-pedagogisk dag for lærarar i vidaregåande skole 27. oktober.	
d) Me vil delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole 10. mars. Føresetnaden for deltakinga er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	
e) Me vil lansera den nye nettstaden til Norsk Ordbok i eit eige arrangement i oktober 2011. Dette arrangementet ønskjer me å leggja inn i 200-årsfeiringa for UiO.	
f) Me vil ha bu på Forskingstorget i september 2011. Føresetnaden for deltakinga er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	

<p>g) Me vil vera representerte i forum som kan gagna prosjektet, og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, seminar for nye masterstudentar, Nynorsk forum, styret i Språkrådet, fagråd for normering i Språkrådet, forskingsgruppa i leksikografi ved ILN osv.</p>	
---	--

## 16. Kompetanseheving

Mål 2011	
a) Me vil vidareføra redaksjonsseminaret frå 2009 og bruka seminaret til å tematisera viktige redaksjonelle problemstillingar.	
b) Me vil setja i gang att ei fagleg lesegruppe for dei redaktørane som er interesserte i dette.	
c) Me vil vera representerte med foredrag på internasjonale konferansar.	
d) Me vil arrangera sommar- og juleseminar med eksterne foredragshaldarar.	
e) Me vil vera representerte på LexiCom-kurs i St. Petersburg 14.–18. juni.	
f) Dei som har behov for det, skal kursast i Office-programvare (PowerPoint, Excel e.a.).	
g) Me vil arbeida for å få fram individuelle forskingsprosjekt med tilknyting til den digitale basen vår.	
h) Me vil setja av midlar til eitt mastergradstipend på 15 000 kr til ein student som nyttar materiale frå dei nynorske leksikografiske samlingane til å skriva masteroppgåve.	